



Arkivnr: 2019/685-7

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

## Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular - Revisjonsrapport

### Bakgrunn for saka:

I møte i kontrollutvalet 17.12.2018 i sak PS 120/18 gjorde kontrollutvalet vedtak om å få Deloitte til å vurdere ordninga for finansiering av friskular i Hordaland fylkeskommune med frist for levering av rapport til 23.04.2019.

### Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med vurderinga er:

«Føremålet med gjennomgangen har vore å vurdere Hordaland fylkeskommune si ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular.

### Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande 2 problemstillingar:

1. *Er Hordaland fylkeskommune si ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular i samsvar med relevant regelverk?*
2. *I kva grad har andre fylkeskommunar, representert ved Akershus, Rogaland og Sogn og Fjordane, andre ordningar for finansiering av spesialundervisning i friskular?*

### Avgrensing

Deloitte har i samband med oppdraget ikkje vurdert om finansieringsordningane i andre fylkeskommunar er i samsvar med relevant regelverk.

Opplæringstilbod i friskular som er rekna som særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma, jf. friskuleova § 2-1 f, blir finansiert gjennom statleg tilskot. Finansiering av spesialundervisning til elevar som har plass i slike særskilde opplæringstilbod er difor ikkje omfatta av denne gjennomgangen.

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig vurdering av ordninga for finansiering av friskular i Hordaland fylkeskommune og revisjonsrapport er levert og ligg ved som vedlegg til saka. Rapporten har vore send til uttale hjå fylkesrådmannen og uttalen går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Deloitte har i denne vurderinga nytta dokumentanalyse, intervju med utvalde personar, og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling. Vi har også merka oss at Deloitte i denne rapporten har laga eit samandrag som går fram av side 4.

**Av punkt 6 Konklusjon og tilrådingar i rapporten har sekretariatet merka seg at Deloitte m.a. konkluderer slik:**

*«Når det gjeld modellen som ligg til grunn for Hordaland fylkeskommune si finansiering av spesialundervisning i friskular, finn revisjonen grunn til å stille spørsmål ved om krav om likebehandling er ivaretek. Vidare meiner revisjonen det er ei vesentleg svakheit at Hordaland fylkeskommune ikkje har etablert skriftlege retningslinjer som skildrar modellen og sjølv berekninga av refusjon til friskulane. Fylkeskommunen kan etter revisjonen si vurdering ikkje dokumentere at krav om likebehandling blir oppfylt gjennom modellen som blir nytta, og revisjonen meiner også at manglande skriftleggjering medfører at ordninga ikkje er tilstrekkeleg transparent og etterprøvbar.»*

**Vidare går det fram av same punt at Deloitte kjem med slike tilrådingar til Hordaland fylkeskommune:**

*«Basert på det som kjem fram i gjennomgangen, vil revisjonen tilrå at Hordaland fylkeskommune set i verk følgjande tiltak:*

- Sikrar at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning
- Utarbeider skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompensatorande tiltak mv.»

Konklusjon:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tilrådingar i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Sekretariatet tilrår

vidare at handlingsplanen også må innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

### Forslag til innstilling

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretok krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning.
2. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv
3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Rapport - Hordaland fylkeskommune - finansiering av spesialundervisning i friskular